
VOSSA
JAZZ
RAPPORT
2019
12. -14. APRIL

## Vossa Jazz vart skipa til i palmehelga for 46. gong

I løpet av festivalen fann vel 50 tilskipingar stad der i alt 45 band medverka med 243 musikarar, av desse 43 studentar frå tre av dei høgare utdanningane innan jazz i Noreg. I tillegg deltok 35 elevar frå to ungdomsstorband og vel 60 born på scena under Badnajazz. Saman sytte desse flotte artistane for store musikalske opplevingar frå 18 ulike scenar, både inne og ute. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen total om lag 17 300 konsertbesøk. 203 knallgode medarbeidarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz 2019 gjekk etter planen.

*Fin fest. Og en bra åpning på Vossa Jazz 2019.*
*Jeg tror faktisk gamlefar Keita ble litt rørt, der han sto.*

FRODE BJERKESTRAND, BERGENS TIDENDE

*Vossa Jazz er skikkelig voksen.*
*At en fjellbygd i Hordaland skrur sammen en så høyt profilert festival for 46. gang, betyr at den har bygget et verdifullt renommé… Nærheten til stjernene, til fjell, folk og Vangsvatnet har gjort Vossa Jazz til noe helt spesielt. 46 år er ingen alder.*

FRODE BJERKESTRAND, BERGENS TIDENDE

### NYSKAPANDE

Vossa Jazz sin profil femner om jazz, folkemusikk og verdsmusikk. Festivalen skal vera nyskapande og gje publikum nye musikalske opplevingar. For tolvte år på rad opna festivalen med nyskriven tekst, denne gongen av og med ein av landets mest folkekjære forfattarar, Lars Saabye Christensen, som avslutta sin glitrande tekst med desse orda:

*– Å lytte sammen er jazz. Jazz er det individuelle kollektivet. Jazz er den ene som gjør den andre betre. Jazz er Voss. Vi er Voss. Velkommen til Vossa Jazz.*

## Tingingsverket

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket.
Det 38. verket hadde tittelen *Ekhidna* og var komponert av Hedvig Mollestad.

*Men gjennomgående er det selvfølgelig Mollestad selv som tar kaka. Hennes spill og hennes ledeeregenskaper, sammen med de kompositoriske strukturene hennes i musikken er en stor opplevelse. Jeg gleder meg til å høre verket igjen – forhåpentligvis om ikke altfor lenge!*

JOHAN HAUKNES, SALTPEANUTS.EU

*Hedvig Mollestads tingingsverk til årets Vossa Jazz har fått navnet Ekhidna, etter et monster i gresk mytologi som er halvt kvinne, halvt slange. Halvdelsmetaforer til tross – verket er en perfekt helhet.*

MAJA SKANDING, BALLADE

*Ekhidna* er eit verk i åtte delar, eit stykke utan ord, men med ei musikalsk kraft som går frå steintøffe og dystre riff til lettheit og optimisme. Mollestad er ein av våre fremste gitaristar som styrte sine fantastiske medmusikantar, som òg leverte einestående solistiske prestasjonar, gjennom knallsterke låtar og eit lydbilete som inneheld både kokande og vare parti. Med seg til å framføra verket hadde ho Susana Santos Silva (trompet), Jon Balke (tangentar), Marte Eberson (tangentar), Torstein Lofthus (trommer) og Ole Mofjell (perkusjon).

*– Det 38. tingingsverket på Vossa Jazz ble en bunnsolid markering av Hedvig Mollestad både som bandleder, komponist og gitarist.*

OLAV GORSETH, BA

## Nye produksjonar og urframføringar i 2019

- Hedvig Mollestad: Tingingsverket (stønad frå Norsk kulturråd)
- Ståle Storløkken og John Erik Kaada (stønad frå Norsk kulturråd)
- Frode Haltli Avant Folk (stønad frå Norsk komponistforbund)
- Badnajazz: Sangfoni med John Vinge og Badnajazzkoret

**Vossa Jazz-toget:** Steinar Raknes, Unni Willhelmsen og Amund Maarud spelte for fyrste gong saman då dei varma opp og tjuvstarta festivalen med minikonsert på toget til Voss.

**Velkomst:** På Voss stasjon venta vekomstkomiteen.

## PARK HOTEL VOSSEVANGEN

Hotellet husar fire scener med mellom anna den største scena, Vossasalen. I Café Stationen fekk publikum fredag kveld oppleva den fantastiske musikaren og formidlaren Susanne Lundeng, laurdag var det LASSEN som trykte på gassen og bergtok jazzen! I Festsalen fredag trollbatt den sveitsisk-albanske songaren Elina Duni & Rob Luft (gitar) publikum og tok oss med seg på ei vakker reise med folketonar frå heile Europa. Den dansk/britiske trioen Phronesis fylte opp med stor musikalsk rikdom og virtuost samspel, og laurdag var det atter duka for høg kvalitet då danske Jakob Bro og hans kvartett leverte briljant og jordnært, før ein seinare på kvelden sleppte laus dei flinke, sprelske og humørfylte karane i det finske bandet Gourmet.

Jakob Bro Quartet

Gourmet

I Pentagon fredagskvelden presenterte me gitarist og vokalist Jørgen Sandvik med repertoar frå tradisjonelle blueslåtar og sjølvsagt materiale frå hans Spellemann-vinnande plate med same namn som bandet; *Permanent Vacation*. The End trykte til med ein kompromisslaus og eksperimenterande konsert som sytte for fullt trøkk til siste minutt fredagsnatta. Laurdag hadde me invitert britiske Ian Chambers og Dan Nicholls med konseptet Recomposed. Det går ut på å ta opptak frå lydprøve og konsert for så å klyppa dei opp og remiksa dei til eit nytt stykke. Musikken dei «rekomposerte» var sjølvaste Tingingsverket til Hedvig Mollestad som var urframført på ei scene like ved nokre timar før! Laurdagnatta måtte det dansk dynamitt til; Kresten Osgood er mannen som leverer uansett tid på døgnet. No vart kvintetten til kvartett grunna sjukdom, men det stoppa ikkje Osgood og hans danske menn.

*...a special poetic resonance settled in at this year's convergence at the Vossa Jazz Festival, conjuring a special emphasis on the special relationship and complementary melding of Norwegian traditional folk music—with its enigmatic 'blue notes' and sense of space—and jazz elements, including free improvisation.*

JOSEF WOODARD, ALL ABOUT JAZZ

Real Ones

Thea Hjelmeland

Sundag avslutta Frida Ånnevik med ein sår, intim og storslått konsert. Ånnevik har orda i si hule hand, både som låtskrivar og i kommunikasjonen med publikum.

AURORA

**Vossasalen** opna ballet med Salif Keita fredag kveld, etterfølgt av herlge konsertar med Thea Hjelmeland og FIEH. AURORA tok Vossasalen med storm før Real Ones med gjestane Thea Hjelmeland og Ståle Storløkken sette eit forrykande punktum laurdagsnatta.

Frida Ånnevik

Gamlekinoen er ei viktig scene for festivalen. Me serverer konsertar i storsalen og i foajeen, og ute er det kafé med sal av lokalprodusert mat og drykk. Bedehus og Hawaii leverte nydeleg musikk laurdag føremiddag i foajeen.

**GAMLEKINOEN**

Fredag kveld opna Karl Seglem sitt verdsjazzband ballet i Gamlekinoen, han spelte mellom anna låtar frå dei kritikarroste platene *Som spor* (Tingingsverket til Vossa Jazz 2012) og *Nunatak* som kom ut i 2018.

*Musikken fra platen «Nunatak» er preget av tap og sorg, men er samtidig tidvis så vakker at det gjør litt vondt. Seglem har også et svært bra band med seg.*

FRODE BJERKESTRAND, BERGENS TIDENDE

*— Voss er på mange måtar eit anker. Det er der det begynte. Der eg skjønte at jazz var musikken, og Jan Johansson, norske folketonar, folkemusikk.*

KARL SEGLEM

*Det er vanskeleg å tenkje seg eit betre program enn Vossa Jazz-laurdagen i år.*

TORKJELL HOVLAND, JAZZINORGE.NO

Laurdag ettermiddag var det Steinar Raknes Stillhouse med hovudpersonen på kontrabass, Unni Wilhelmsen (vokal), Paolo Vinaccia (trommer), Even Helte Hermansen (gitar) og Erlend Slettevoll (tangentar) som skapte åtgaum blant publikum. Ei groovy og rå konsertoppleving!

Laurdag kveld var det nok ei urframføring i Gamlekinoen, Frode Haltli hadde skrive ny musikk til sitt prosjekt Avant Folk: Frode Haltli (komponist, akkordeon), Erlend Apneseth (hardingfele), Hans P. Kjorstad (fele), Rolf-Erik Nystrøm (saksofonar), Hildegunn Øiseth (trompet, bukkehorn), Ståle Storløkken (trøorgel, synth), Stein Urheim (gitarar), Oddrun Lilja Jonsdottir (gitar, vokal), Fredrik Luhr Dietrichson (kontrabass) og Siv Øyunn Kjenstad (trommer, vokal).

*Dette stjernelaget av musikarar utgjer eit spelemannslag utanom det vanlege:*

*En komposisjon spesialskrevet for Vossajazz og fremført i år for første gang – men forhåpentligvis ikke siste.*

EINAR ENGELSTAD, BERGENS TIDENDE GAV FULL POTT TIL HALTLI`S URFRAMFØRING

*sjangeroverskridande og nyskapande der tradisjonsmusikk og nye klangar møtst i eit fantastisk samspel. Haltli har opna endå ei ny klasse.*

TORKJELL HOVLAND, JAZZINORGE.NO

*– Jeg var så heldig å få framføre et bestillingsverk med ensemblet Avant Folk med støtte fra Norsk komponistfond på årets festival. Få festivaler viser den samme interessen for å utvikle eksisterende band på denne måten, og måten vi ble tatt hånd om og presentert på festivalen var upåklagelig, og jeg fikk god respons både fra et tallrikt publikum og kritikere fra inn- og utland som var tilstede på festivalen. Å få til en så nyskapende festival med én fot godt plantet i både lokalsamfunnet og folkemusikken og den andre i fritt fall ut i verden er veldig spesielt og utrolig fint! Festivalen framstår som trygg, og stolt av sitt lokale utgangspunkt, men med et visjonært utsyn. I programmeringen tar festivalen tydelige valg. Med den gjennomførte satsingen på kvalitet må vel Vossa Jazz være den aller mest interessante jazzfestivalen i Norge i dag!*

FRODE HALTLI

Vossa Jazz bad to drivne og særeigne musikarar og komponistar om å laga ny musikk til årets festival. Med på laget hadde dei Tor Haugerud (trommer), Stein André Hovden (lyd-design) og Pekka Stokke (lysdesign). Resultatet vart ei musikalsk og visuell oppleving av dei sjeldne. Musikken var i ytterpunkta frå det lågmælte, tunge og melodiske mot grensa til støy. Eit hav av elektroniske instrument og eit ruvande lyd- og lysbilete skapte ein spanande og variert konsert.

Kaada og Storløkken

*Musikk skal røre ved kjensler, alle slags kjensler. Det gjorde musikken til Kaada og Storløkken.*

BJØRN SANDNES, AVISA HORDALAND

Mathias Eick har vitja festivalen ved fleire høve, mellom anna som Tingingsverk-komponist i 2011 då han leverte verket *Voss*. Det er ikkje tvil om at han er på heimebane på Voss med stappfull sal og eit strålande nøgd publikum.

*Vossa-jazz er i mine øyne den beste jazzfestivalen i Norge*

TRYGVE SEIM

Sundag var det klart for ei storslagen première for Trygve Seim Helsinki Songs, for høvet utvida med Jon Balke (tangentar) og Mathias Eick (trompet). Journalisten i lokalavisa kalla det for den perfekte sundagskonserten, og med Seim og hans sterke mannskap (Mats Eilertsen på kontrabass og Markku Ounaskai på trommer) fekk publikum ein konsert med melankoli, varme og kjærleik.

Det vart ei flott avslutning på for konsertrekkja i Gamlekinoen då Espen Eriksen trio med Andy Sheppard sundag kveld sette eit verdig punktum for vårt heldige publikum.

Erlend Apneseth trio og Frode Haltli

## OSASALEN

Konsertrekka i Osasalen på Ole Bull Akademiet opna med plateslepp med Erlend Apneseth trio og Frode Haltli. Plata *Salika, Molika* er eit resultat av eit samarbeidsprosjekt mellom trioen og trekkspeltrollmannen Frode Haltli og er både ei fortsetjing og ei utviding av bandets veg mot eit møtepunkt mellom fortid og notid.

*For å markere sleppet kunne vi vel knapt ønska oss ei bedre ramme enn Vossajazz og Osasalen som har både folkemusikken, jazzen og det meste imellom i grunnmuren.*

ERLEND APNESETH

Tanaka/Lea/Strønen

Signe Emmeluth sin sekstett Spacemusic Ensemble

Etterpå var det duka for norsk festivalpremière for den tyske pianisten Martin Kohlstedt. Han tok publikum med på ei luftig reise i modale harmoniar, vakre stemningar og djuptgåande tonebilete. Signe Emmeluth sin sekstett Spacemusic Ensemble kombinerer akustisk og elektronisk lyd med tekst og stemme, men med plass til individuelle stemmer i musikken. Det resulterte i ei musikalsk oppskyting i Osasalen. Sundag gav trioen Tanaka/Lea/Strønen ein sjangerkryssande konsert som utforska ulike klangbilete, harmoniar og rytmar. Ei intens og vakker oppleving. Torhild Ostad og Carsten Dahl avslutta konsertrekka i Osasalen med musikk frå mellom anna den vakre plata *Jeg roper til deg* som vart gitt ut i fjor. Eit lukkeleg punktum i Osasalen.

*Dette er ein trio med utvikla sans for musikalsk dramaturgi, og dei ulike delane gjekk saumlaust over i ein annan. Trioen er heller ikkje redde for å ta musikken heilt ned slik at ein kan høyra den vidgjetne knappenåla falla. Ein perfekt start på Palmesundag!*

LARS MOSSEFINN, SALTPEANUTS.EU OM TANAKA/LEA/STRØNEN

Biblioteket i Voss Kulturhus

## VOSS KULTURHUS

Ny konsertscene av året var biblioteket i Voss Kulturhus. Ramma er perfekt med panorama-vindauge ut mot Vangsvatnet og Gråsida. Programmet høvde òg godt med Buicken der musikk og litteratur går hand i hand. Amund Maarud (gitar) , Ola Kvernberg (fiolin) og Tom Stalsberg og årets festivalopnar Lars Saabye Christensen på opplesing, gav meirsmak både til å nytta rommet att og syta for at poesi og musikk også vert servert på komande festivalar.

Laurdag ettermiddag var det norsk-italiensk kulturutveksling då Nina Pedersen (busett i Roma) og fleire italienske solistar møtte Hardanger Big Band på Voss. Repertoaret omfatta Pedersens eigne komposisjonar arrangert for storband av amerikanske Jens Wendelboe og Milena Nigro og Marco Tiso frå Italia.

## KYRKJEKONSERT

Vakre Vangskykrja frå 1277 er ei unik ramme, og i år var det *Under stjernone* med tekstar av Olav H. Hauge og musikk av bassist Edvard Askeland. Dette vart fyrste gong framført på Vossa Jazz i 2005 og har òg kome ut på plate. Hildegun Riise tolka Hauge sine dagboknotat og dikt på meisterleg vis, og med Paolo Vinaccia (trommer, perkusjon), Per Jørgensen (trompet), Eivind Aarset (gitar) og Askeland sjølv på bass, vart det eit vakkert gjenhøyr.

Hildegun Riise

*Vangskyrkja var ei perfekt ramme rundt eit program som ber alderen godt. Olav H Hauge går ikkje ut på dato. Det gjer ikkje «Under stjernone» heller.*

LARS MOSSEFINN, SALTPEANUTS.EU

**Superjazz:** Kulturhuset var fylt til randen av musikkglede.

## SUPERJAZZ

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, til alle.

Jazz er tufta på improvisasjon, impulsivitet og speleglede. Supergruppo er ein gjeng med framifrå jazzarar med nedsette funksjonsevner som verkeleg lever opp til desse grunnverdiane. For tiande år på rad skipa Vossa Jazz til verkstad og konsert for og med denne målgruppa. Superjazzarane kasta seg ut i musikkens verd med opne armar, og saman med saksofonist Rolf Erik Nystrøm, vokalist Juliana Venter og trommeslagar Håkon Mjåseth Johansen sytte dei for ei herleg og uslipt oppleving for både deltakarar og publikum.

*De er forferdeleg flinke!*
*Eg vert overraska heile tida.*
*Og eg overraskar dykk,*
*seier saksofonist Rolf-Erik Nystrøm*
*til musikarane i Supergruppo.*

ØRJAN BRATTETVEIT,
AVISA HORDALAND

Rolf Erik Nystrøm og Supergruppo

Badnajazz-paraden starta på Torget

Badnajazz har sidan 2000 skipa til konsertar og verkstader for, av og med born. Me ynskjer born både på og framfor scena, og det gjeld alle tilskipingane under Badnajazz-paraplyen. Laurdag starta me tradisjonen tru med parade med musikantar og drilljentene frå Voss skulemusikk, eige paradeband, Badnajazz-koret i og hundrevis av store og små festivalgjengarar.

**Gatekunst**
I samarbeid med Voss kulturskule si kunstgruppe inviterte me til gatekunst-utstilling. Elevane kalla utstillinga «Jazzmenneske» og nytta gjenbruksmateriale.

Kaldhol og Karl Seglem Monsterjazz

Me har i mange år hatt samarbeid med den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu på Stord der me presenterer årets festivalforfattar på Vossa Jazz. I år var det Marit O. Kaldhol som las eigne tekstar, og ho hadde med seg musikaren Jørgen Sandvik. Etterpå var det konsert i Kultursalen med Karl Seglem Monsterjazz. Vossa Jazz hadde samarbeidd med Voss kulturskule i forkant der elevane hadde øvd på nokre av Seglem sine låtar. Seglem held òg  eigen verkstad for desse unge musikarane fredag ettermiddag. Laurdag var dei klare for å stå på scena med Seglem og Monsterjazz-bandet; det vart eit herleg musikalsk univers for store og små.

Sangfoni med Badnajazzkoret

**Sangfoni**
Vossa Jazz presenterer kvart år ei storsatsing for og med born, og i år var det Sangfoni under leiing av John Vinge. Dette kjende NRK-prosjektet var endeleg klart for scena, og saman med Badnajazzkoret og drilljentene til Voss skulemusikk vart det sangfonisk stemning i ein fullsett Vossasal. Kjende barnesongar i ny innpakking og med ei framføring som òg involverte publikum med song og dans. Etter ein time med konsert ville den yngste garde ha meir, eit godt teikn som inspirerer både dei på og framfor scena til vidare arbeid for Badnajazz!

## JIJAZZ - UNGDOMSSATSING

Vossa Jazz har lenge jobba med å rekruttera ungdom til festivalen, både som musikarar og publikum. Det er viktig å nå ulike målgrupper, og dette arbeidet gjev resultat! I tolv år har me hatt besøk av 2. klasse ved Jazzlinja i Trondheim, denne gongen *A Jazz Odyssey*. Som tidlegare år inviterte me ungdom frå ulike skular til gratiskonsert, og med fullt hus av ungdomar og elevar frå vaksenopplæringa i kommunen vart det ein knall tjuvstart på årets festival.

*Vossa Jazz begynte fredag ettermiddag med bandet 2019: A Jazz Odyssey, et prosjekt skrudd sammen av andreårsstudenter fra jazzlinjen ved NTNU i Trondheim. Tre gitarer, to ståbasser, tre slagverk, to tangentister, to saksofonister langt nedi 20-årene, som allerede er brutalt flinke. Det fortsatte med like flinke folk fra Griegakademiet i Bergen. Dette er jazz i sin pureste og villeste form.*

FRODE BJERKESTRAND, BT OM ÅRSAKER TIL AT VOSSA JAZZ LEVER EIT PAR TIÅR TIL

Studentar frå Griegakademiet

I tillegg var jazzlinja ved Griegakademiet for andre år invitert til å spela på festivalen. Dei held konsert i Voss Sparebank fredag og hadde utekonsert laurdag føremiddag. Norges Musikkhøgskole sitt storband, blåkvalstorband, var òg med i år. Dei hadde konsert i foajeen i Gamlekinoen sundag føremiddag med heile 32 utøvarar på scena.

*Det er bare å bøye seg i hatten. Studentene fra Trondheim og Bergen er musikere så fulle av talent, spilleglede og referanser, at det er frydefullt og litt ydmykende, samtidig. Det vet akkurat hvordan de skal skru sammen en god groove, la den henge lenge nok, før de lar låten gå i oppløsning. Deretter henter bandet seg inn igjen, og lander samstemt og synkront. At Vossa Jazz gir plass til disse velspillende rekruttene, er veldig fint.*

FRODE BJERKESTRAND, BT

**BUS og AOJO**
Vossa Jazz skal bidra til at ungdom får gode tilbod gjennom konsertar og verkstadar. Bergen ungdomsstorband (BUS) og Akerhus og Oslo ungdomsjazzorkester (AOJO) er fulle av talent, og desse fekk både spela eigen konsert i festsalen på Park etterfølgt av verkstad under leiing av studentar frå Griegakademiet.

*Litt utanom planen stakk eg også innom Akershus og Oslo Ungdomsjazzorkester.*
*Eg vart paff – er det slik ungdommen er no til dags? For eit nivå! Under inspirerande kraftfull leiing av Shannon Mowday gav orkesteret all sin energi. Det er ofte det kjekkaste med nye namn.*
*Framtida i norsk jazz er, framleis, lys.*

TORKJELL HOVLAND, JAZZINORGE.NO

Som tidlegare hadde me eit godt samarbeid med Voss Folkehøgskule og musikklinja der. Elevane er med både som medarbeidarar under festivalen og hadde sjølv stunt-konsertar fredag og laurdag. Me vil gje honnør til folkehøgskulen som har lagt inn arbeid kring Vossa Jazz i fagplanen til musikklinja, noko som har resultert i eit tettare og godt samarbeid og verdifull og relevant kompetanse for elevane. Arbeidet med å engasjera og inkludera ungdom vil halda fram. Det er ei satsing for Vossa Jazz, og me ser at målretta arbeid gjev resultat. I år var det om lag 90 unge musikkentusiastar som både opptredde og sjølve fekk oppleva andre profesjonelle musikarar.

**ELDREJAZZ**
Eldrejazz er ein institusjon i festivalen, og me heldt på suksessen med turné slik at musikken når ut til fleire. I år var det Voss sjukeheim, Veldferdsentralen i Sosialbygget og Vetleflaten omsorgssenter som fekk besøk. John Pål Inderberg trio har ein unik plass i jazzverda, og med erfaring, speleglede og kvalitet gav dei den eldre garde musikk som mange ikkje høyrer til dagen, men som vart eit spanande møte.

Badstovekonsert

## LITT AV KVART

Vossa Jazz er leiken, og med glimt i auga har me rammer som syter for at ulike stunt brått kan skje. I år hadde me i tillegg til Trygve Seim invitert med den rullande badstova hans, «Basse». Campingvogna, som er gjort om til sauna, fekk eigen «Basseplass» på nedsida av Park. Der var det ope for musikarar og andre til å nyta saunaen. Det vart òg ein spontankonsert med tre verdsstjerner: Trygve Seim (saksofon), Frode Haltli (akkordeon) og Sinikka Langeland (vokal).

*As a snapshot of the great charm of Vossa Jazz's weekender in western Norway no image is more apt than this: saxophonist Trygve Seim, one of the country's consistently interesting artists harmonising with vocalist Sinikka Langeland and accordionist Frode Haltlijust outside the small caravan-cum-sauna with which he travels from gig to gig. The backdrop is a stunning lake, shimmering in mid April-sunshine with snowcapped hills in the distance.*

KEVIN LE GENDRE, JAZZWISE MAGAZINE

## VOSSAKVEIK

Seminaret Vossakveik vart skipa til i Gamlekinoen torsdag før Vossa Jazz. Vossakveik skal gje fagleg og sosialt påfyll og har bygd seg opp til å bli det største og viktigaste seminaret på Voss. Om lag 300 gjester deltok. Emnet var *Voss – bygd for framtida*?

Voss er i stadig utvikling og målet er å skapa ein livskraftig region som er attraktiv både for innbyggjarar og tilreisande. Voss og Granvin vert frå 2020 éin kommune, og fram til då er det mange utfordringar, gleder og spørsmål. Tina Kjerland la fram ein prosjektrapport om Granvin «Frå kommune til bygd», ordføraren på Voss leia samtale med representantar frå nokre av bygdene på Voss. Thomas Giertsen avslutta med eit engasjert innlegg om *Kvifor mislukkast flinke folk?* Så får me håpa at nye Voss herad lukkast i å ta vare på moglegheitene samanslåinga kan bidra til. Musikalsk fekk me servert ein smakebit av årets Tingingsverk, framført av Hedvig Mollestad og hennar mannskap.

*Vossingane fekk eit nytt blikk på overgangen frå Voss kommune til Voss herad under årets kveik.*

MARITA SAUE, AVISA HORDALAND

## KULTURVANDRING/ FINNESLOFTET

Nytt av året var Kulturvandring frå Vangskyrkja, via Finnesloftet til Mølstertunet. Undervegs fekk publikum påfyll av godbitar frå den lokale kulturhistoria servert av Knut Finne frå Finnegarden og Eirik Helleve, styrar ved Voss folkemuseum. Det vart òg ein musikalsk stopp med Sudan Dudan på Finnesloftet. Deretter gjekk følgjet til Mølstertunet og fekk servert soga kring vossakveiken ved Sjur Hermann Rørlien, sjølvsagt med smaksprøvar av vossaøl attåt.

*Yet one of the highlights of the festival takes place in the evocative setting of Finnesloftet, a 13th century banqueting hall whose sturdy wooden frame might still be standing when camera phones have clicked to extinction. Sudan Dudan, consisting of two vocalist-instrumentalists, Marit Karlberg on the slightly cymbalom–like langeleik, and Anders Erik Roine on guitar and Jew's harp, keep a small audience rapt with traditional songs whose deep melancholy is spiked with some invigorating modernist contours.*

KEVIN LE GENDRE, JAZZWISE MAGAZINE

## JAZZNYTT18

Audun Vinger og Jazznytt18 hadde samtalar kring musikken og korleis den vert til. Laurdag var det eit eksklusivt møte med sjølvaste Tingingsverk-komponisten Hedvig Mollestad og sundag fekk me høyra meir om Frode Haltli og Erlend Apneseth sine tankar om korleis folkemusikk og jazz heng saman og korleis tradisjon kan nytast til kunstnarisk nytenking.

Hedvig Mollestad på Jazznytt18

## PRIS

Kvart år deler Vossa Jazz og Hordaland fylkeskommune ut Vossa Jazz-prisen som skal gå til den musikaren i fylket som har gjort seg mest fortent til denne heideren. Den 32. prisen i rekkja gjekk til bassist Anders Bitustøyl, ein musikar som kryssar sjangrar med solid bassgang og har ei allsidig og imponerande liste over produksjonar, utgjevingar og konstellasjonar. Prisen er på kr 50 000 og eit trykk av årets Vossa Jazz-plakat laga av festivalkunstnar Tor-Arne Moen.

## INKLUDERING, VOSS - BYGD FOR ALLE!

Vossa Jazz har dei siste åra jobba mykje med å inkludera busette flyktningar på Voss i festivalen. Me har hatt eit godt samarbeid med Røde Kors, i tillegg har me leia ei gruppa som har jobba med å skaffa praksisplassar og betra samhandlinga mellom dei offentlege instansar og frivillige lag. I forkant av festivalen vitja dagleg leiar vaksenopplæringa og informerte om Vossa Jazz og kva plikter og godar som ligg i det å vera frivillig. Dei siste åra har me hatt vel 20 flyktningar med i vårt team. Mange av dei har vore med fleire år, og me ser at fokus gjev god erfaring og gode resultat for alle partar.




## FESTIVALKUNST

I samarbeid med Voss Kunstlag presenterte me Vossa Jazz-utstillinga i utstillingsrommet til Voss Kulturhus. I år med målar, grafikar og forfattar Tor-Arne Moen som festivalkunstnar. Han laga òg årets flotte festivalplakat.

**PRESSE**
Vossa Jazz 2019 hadde 27 presseakkrediterte, og seks av desse var utanlandske. Det var god dekning i Bergensavisen, Bergens Tidende og Avisa Hordaland. NRK Hordaland hadde direktesending frå festivalen fredag, og NRK P2 tok opp Tingingsverket og hadde innslag frå festivalen på Spillerom. I tillegg var NRK Jazz her heile helga og hadde stand i resepsjonen på Park – dette bidrog til god kjensle av at media var til stades! Andre media som dekka festivalen var Downbeat, All About Jazz, Jazz Special, New York City Jazz Records, Jazzwise, Jazznytt, Klassekampen, Tv2, Jazz i Norge, Ballade, Audiophile.no, Orkesterjournalen og Salt Peanuts.eu.

*Vossa Jazz has it all. It also takes place in one of the most charming settings imaginable.*

ANDREY HENKIN, NEW YORK CITY JAZZ RECORD

**ØKONOMI – OFFENTLEGE TILSKOT**
Festivalen fekk kr. 1 650 000 frå Norsk kulturråd, kr. 348 000 frå Hordaland fylkeskommune (pluss kr. 50 000 til Vossa Jazz-prisen) og kr. 375 000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg fekk me komponiststønad frå Norsk Kulturråd og Det Norske komponistfond.

Vossa Jazz er svært takksame for oppjustering av tilskotet frå Norsk Kulturråd slik at me i år kunne utvida og vidareutvikla vårt kunstnarleg arbeid. Auka løyvingar frå det offentlege er med på å sikra høgt kunstnarisk nivå og føreseieleg og langsiktig planlegging. Det er kostnadskrevjande å vera nyskapande og involvera mange ulike aktørar lokalt og nasjonalt.

Konklusjonen for Vossa Jazz 2019 er at festivalen atter var svært vellukka, både kunstnarisk og når det gjeld publikumstal. Programmet hadde svært høg kvalitet, stor breidde og som alltid nyskapingar. Vossa Jazz er stolt over å levera ein festival som samsvarar med vår profil innan jazz og folkemusikk påverka av heile verda og som eitt av lokomotiva når det kjem til nyskapingar og urframføringar innan norsk jazz. Vossa Jazz har eit godt samarbeid med andre aktørar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Me er svært glade for at våre artistar og gjester melder om ein spanande festival med godt klima for god musikk og gode opplevingar.

Voss, 8. mai 2019

Trude Storheim
Dagleg leiar

# Fotominner 2019

Jazzprat



Musikarar frå Voss Folkehøgskule

Utekos

"Basse"

Badnajazzparade

Unge kunstnarar

Folksamt

Bakrommet